



GLIMRAH, eit tre stemt kor, men som på nokre framføringar syng med sju ulike stemmer.

**Eit glitrande kor. Eit perfekt konsertlokale pynta med kjolar på veggene og ti ulike ville blomar i krukkene. Stor publikumstilstrøyming. Gjester med appell. Eit konsertprogram med 20 varierte innslag. Med andre ord: Alt er gjort for å skapa den beste konserten så langt i sommar. GLIMRAH er eit vokalsensemble med 7 dyktige songarar der kvar bokstav refererer til førenamnet til kvar av dei. Bokstaven A har ingen person. Det er ein vokal som er med for å få det rette namnet.**

Dren svensk inspirerte sommarkonserten opnar og sluttar med Visa vid midsommartid med tekst av Rune Lindstrøm. Dermed er tonen sett for kvelden. Meisterleg framført er fem små songar frå 1600 talet med tekstar hentar frå gravsteinar i England. Det er god balanse i gruppa. Det same må vi sei om uttale og ein glad og sommarleg mimikk.



[Rebekka Attramadal, kantor og pianist, var ein av 6 gjester på konserten.](#)

GLIMRAH vart til i 2015. Maria Malmsten hadde ideen og sju dyktige songarar frå andre kor vart spurde om å vera med. Sjutalet er ikkje tilfeldig. Det er eit lukketal. Gjesten Rebekka Attramadal er kantor og pianist. Ho framførte mellom anna Notturmo av Edvard Grieg og hadde tonefylgje til to av songane til GLIMRAH.



Det vart eit gildt møte med Tiril Eirunn Einarsdotter på fiolin. Ho er godt kjend i Helgheim frå ho var lita jente. Tiril Eirunn Einarsdotter er kjend i Helgheim frå ho var med mora på korøving som lita jente. No går ho fyrste året på ei fireårig musikkutdanning ved Universitetet i Stavanger. Tilill spela meisterleg Hauglåt halling og norske folketonar av Grieg på fiolin. Det var gildt å høyra den lokale Vals på Musland, arrangert av mora Maria.



Mannsgruppa Firerbanden skuffa ikkje. Med sin ledige og lette tone vann dei publikum med sine songar.

Både kyrkjekoret Nordsang og Røysterett for Alle har sine manssgrupper. Firerbanden kom godt frå oppgåva med deira framføring av Till Østerland vill jag fara og Fredmanns apostel nr. 9. Å invitera kvinnestemmer med i Sommarspsalm var vellukka, særleg fordi den vart framført i ei nynorsk omsetjing av Svein Rimestad.

Med 20 ulike innslag i programmet kunne mykje vore skrive. Men så var det dette med dei ti ulike ville blomane i krukkene, Redaktøren bad om ei liste. Det gjekk fem minuttar og lista var klar: Geitrams, revebjølle, strandsmelle, prestekrage, raudkløver, blåklokke, tiriltunge, haremat, mjørdurt og ein informanten ikkje hadde namnet på der og då. Godt gjort på ein kveld der det å gå berrføtt i sommarnatta, blomekransen og kjolane var viktig.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Tor Edward Taranger/Kristian Bringedal



Helgheim er det perfekte konsertlokale med god klang og den rette ramma som skal til for å skapa stemning.